Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Suldal

Emne: Skav Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Veka Gard:

(adresse): Suldal G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Skrapefor.
2) Ein talar om merkafor.
3) Ein bøygjer skava: å skava — skjêv — skov — skave.
4) Ein nyttar ennå skav til for her, og ein rekna alltid med skav til vinterföringa.
5) Ein skov raun, osp, ask alm, selje. Ein ville ikkje vite av lindeskav. Linda fekk ein til bast. Ein talar stundom om å rå-alma. Ein skov aldri bartre, og ikkje andre lauvtre enn det ein får nemnde.
6) Er ikkje kjendt her.
7) Ein har ei regle frå gamalt.

„Vieren velte, selja svelte,
Å ask gjer kyra rask,
men osp legg smör i åska."

8) Kua fekk ofte skav, - dåvist - av ask og osp - når det

925

leid på vinteren. Men ein
var redd å gje sauen
ospeskav når det leid
inn på lemminga. Før
då vart ein føre at sauene
skulle lamma. Rand-
skavet var ein og redd
gje sauene når det leid
inn på lemminga.
9) Bjørkeskavet, då visst, var
gott smør, sa dei gamle.
10). Det var ofte ein drog
eins ærend på skogen
etter skavved.
11) Ein marka, sa dei då.
12). Og ein henta mork,
sa ~~dei~~ òg
13. Ordet å marka
meinte ein sanking
og heim-køyring av
marka skog, anten om
høy og mose.
14). Hallvard Røynevarden
ein husmann, nå 83 år
fortel at dei gamle
gjekk på markaskog
Langfredag. Dei skulle
tenkje på lidinga åt
Jesus då, fortel han. Og
ikkje skulle dei eta
før dei for på skogen,
og ikkje ha nista med
seg heller. Dei skulle
bie eta før tida dei vende
åt kveldsmaten

925
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15) Dei sat mykjø inne i stova og skav. Det var ofte kveldsarbeid på gardane i Sirdal.

16/,17,18) Ein brukte ofte ein avbrotne ljå, eit ljåsblad, ein seier her. Ein sveivla ei klefelle kring til handtak. Det er handtaket berre i eine enden på kniven ein bruka og brukar her.

Ein hadde ein stang som rokk frå golvet opp i lemmen. Han var ofte fest med ein ring i bjelken. Skav-stangi kalla ein denne stangen. Attmed denne hadde ein so ein krakk ein sat på, og so drog ein kniven etter skjevlet, drog og vende på det — og støtte kniven på skavstangen.

Ein skav aldri hesje-ved her.

Ein ait kje av andet skavhol her.

19). Ein held kniven i ei hand, og kjeppen i andre.

20) Skjevla, seier ein her om kjeppen når ein er i skaven. (Sjevle på bygdemål

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

21) Ikkje sers namn.

22) Veden ein skjer er på vanleg famneved-lengd — ei alen eller vel så det. Det vil seie veden ein skar inne i hus, i stova eller ved-skuten. Skar ein i skogen, det hende det stundom, — då skar ein stommen så lang han var. Ein skal og merke seg at skar ein i skogen, så var det oftast frå uføre stader der det var lita råd å få fram veden i brandar. Ein let veden liggje.

23) Ein sjevedl — den sjevedl — fleire sjevlar — dei sjevladne

24). Ein hadde ikkje visse reglar her.

25) Skjevlane vart jamt nytta til bakste-ved. Ein kunne ofte sjå lad med skjevlar lødde innåt eldhus-veggen.

2) Ein skjer ennå litt, dåmeist i Kvernane langs-med Suedalsvatnet.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING